

## MØTEPROTOKOLL

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for opplæring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fagskulen i Sogn og Fjordane/Hafstad vgs, Førde</b>
<b>Møtedato</b>	<b>30.08.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 16:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Karianne Torvanger (Ap)**  
**Henrik Oppen (Ap)**  
**Senea Sabanovic (Ap)**  
**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)**  
**Anders Ryssdal (Sp)**  
**Ole Johnny Stubhaug (Sp)**  
**Trude Brosvik (KrF)**  
**Alfred Bjørlo (V)**

**Forfall til møtet:**

**Sonja Merethe Øvre-Flo (H)**

**Varamedlemmer til stades:**

**Ingen vara hadde høve til å møta**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesdirektør Bekka Skaasheim**  
**Fylkeshovudtillitsvald Jasmin Eminovic**  
**Elev- og lærlingombod Venke Nordeide**

**Sekretariat for møtet:**

**Førstekonsulent Merete Husabø Nornes**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møteprotokoll frå 30.05.2017 vart godkjend utan merknader.

Karianne Torvanger og Gunn Åmdal Mongstad vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av Hovudutvalet for opplæring.

Munnlege orienteringar:

---

Besøk ved Fagskulen i Sogn og Fjordane

Rektor ved Fagskulen i Sogn og Fjordane informerte om fagskulen og korleis dei jobbar for å møte framtidige behov. Presentasjon ligg som **vedlegg 1** til møteboka.

Studentrepresentant og tillitsvald Ole Johnny Lerheim informerte om si rolle i styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane.

Avdelingsleiar Eilert Årseth informerte litt om søknader om nye studieretningar.

Besøket vart avslutta med omvising på Fagskulen i Sogn og Fjordane avd. Førde

---

Orientering om NDLA

Presentasjon frå NDLA – Nasjonal digital læringsarena v/Øyvind Høines.  
Presentasjonen finn du som **vedlegg 2** til møteboka.

---

Besøk ved Hafstad vidaregåande skule

Innleiing ved rektor Nina Bygstad, presentasjon finn du som **vedlegg 3**.

Møte med leiing og tillitsvalde.

*Tema 1: Gjennomføring og formidling.*

- Korleis arbeider skulen med å auke gjennomføringa?

*Tema 2: Den lokale samfunnsrollen.*

- Kva samarbeid, nettverk og synergjar er det mellom skulen og lokalsamfunnet?
- Kva samarbeid er det med andre skular i regionen og fylket?

Møte med elevrådet.

- Kva saker arbeider elevrådet med?

*Tema 1: Trivsel*

- Korleis fungerer skulehelsetenesta og miljøkoordinator?

*Tema 2: Mestring*

- Korleis var overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule?
- Fekk de relevant rådgjeving ved innsøking til vidaregåande opplæring?

I tillegg til orienteringar var det omvising på skulen.

---

## **SAK 18/17      Skriv og meldingar HO 30.08.2017**

### **Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

1. Status inntaket til skuleåret 2017-18
2. Formidling 2017
- 2a. Formidling 2017
3. Referat frå møte med Vannylven kommune 22.august 2017 om vidaregåande skule
- 3a. FjordenesTidende 25.08.2017
- 3b. Skjermbylde 27.08.2017
- 3c. Fjordabladet 25.08.2017
4. Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Sogn og Fjordane fylkeskommune

---

## **SAK 19/17      Høyring - forslag om å innføre forbud mot bruk av plagg som helt eller delvis dekkjer ansiktet i barnehager og utdanningsinstitusjoner**

### **Saka vart lagt fram utan framlegg til vedtak**

#### **Endringsframlegg:**

#### **Kristeleg Folkeparti og Arbeidarpartiet kom med følgjande framlegg til vedtak:**

Opplæringsutvalet i Sogn og Fjordane vil gje slik høyringsuttale til framlegget om å innføre forbod mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet i barnehagar og utdanningsinstitusjonar:

**Vi er samde i at det ikkje er ønskjeleg å ha ein læringssituasjon der nokon bruker ansiktsdekkjande plagg.**

**Vi ser ikkje grunn for å innføre eit nasjonalt forbod, men vil la dette spørsmålet framleis vere opp til den enkelte skuleeigar.**

Høyringsnotatet syner at det er svært få (ca. 100 totalt i Norge) som nyttar niqab eller burka. Vi trur at eit nasjonalt forbod heller vil spisse frontane, og kanskje politisere bruken av desse plagg endå meir. Det vil gje motsett verknad av det vi ønskjer å oppnå.

Høyringsnotatet kan heller ikkje vise til kunnskap / forskning som underbygger framlegget om nasjonalt forbod. Det er også verd å merke seg at andre land med større utfordringar enn Norge på innvandring, ikkje har innført nasjonalt lovforbod.

*Utdanningsinstitusjonane er viktige aktørar for ei god integrering til det norske samfunnet. Desse må driftast på ein open og inkluderande måte. Vi ynskjer at brukarane av desse institusjonane i størst mogeleg grad skal framstå synlege og opne. Haldningskapande arbeid og opplysing om det norske samfunnet skal bidra til at ferrast mogeleg ynskjer å nytte ansiktsdekkjande plagg.*

Vi meiner også at eit lovforbod, der bortvising frå skulen er reaksjonsmåten, vil kunne straffe jenter som i enkelte tilfelle kan vere pålagt å bruke plagget mot sin vilje. *For desse jentene vil eit forbod kunne verke ekskluderande, og vere lite gunstig for å få til vidare integrering.*

### **Samtale-plikt**

Vi foreslår å halde fast på dagens regelverk, men vil, slik det går fram av pkt. 8 i høyringsbrevet, kombinere det med plikt til samtale. Dvs. at barnehage / skule / høgskule mfl. Skal gjennomføre samtale med foreldre og/eller eleven / studenten som møter opp til undervising med ansiktsdekkande plagg. Det vert i høyringsnotatet vist til erfaringar med denne type samtalar som blir utført av andre yrkesgrupper, som td. helsesøster.

### **Tilsette**

Vi forutsett at arbeidsgjevar sin styringsrett gjeld og kan sikre at dei som er lærarar, barnehagelærarar eller på anna måte tilsett for å ta seg av born/unge i dei situasjonane som høyringsnotatet omhandlar, kan påleggast å ikkje bruke ansiktsdekkande plagg i arbeidet sitt.

Det er svært viktig å legge til grunn for vidare arbeid og eventuelle framlegg at målet om god integrering vert lagt til grunn for det ein vedtek.

### **Venstre kom med følgjande framlegg til vedtak:**

"Dagens ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane seier ingenting om ansiktsdekkande plagg.

Opplæringsutvalet meiner det er eit viktig prinsipp at ein i undervisingssituasjonar syner ansiktet sitt, av omsyn til god kommunikasjon, openheit og sosial samhandling lærar/elev.

Desse omsyna varierer ikkje geografisk. Opplæringsutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner difor det på dette området vil vere best å ha ein lik lovgjevnad over heile landet. Ulik praksis på skular, mellom skular og mellom skolenivå er lite føreseieleg, og vil kunne gi stadig uro og vurderingar i einskildsaker som fører til gjentakande og unødvendig flytting av fokus bort frå læringsarbeidet. Stadig større mobilitet av elevar og tilsette mellom skular og fylke tilseier òg at det bør vere like reglar over heile landet.

Opplæringsutvalet vil presisere at forbod mot heil eller delvis ansiktsdekking ikkje må knytast til visse religionar eller visse plagg, men må gjelde for alle typar plagg/utstyr unnateke det som på grunn av sjukdom eller skade eller er knytt til undervisingssituasjonar der ein treng å beskytte ansiktet. Det er samtidig viktig at regelverket blir avgrensa til heil eller delvis ansiktsdekking og vanskaner dette skaper for undervisingssituasjonen, slik at forbodet ikkje omfattar øvrig påkledning, smykke eller symbol ein veljer å bere av religiøse eller personlege årsaker.

Opplæringsutvalet legg til grunn at eit forbod mot ansiktsdekkande plagg i offentlege utdanningsinstitusjonar etter domspraksis i den Europeiske menneskerettsdomstolen ikke er i strid med den Europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 9 om religionsfriheit, jmf. at forbodet er grunna i omsynet til å sikre sosial samhandling, læring og kommunikasjon. Skulle dette bli trekt i kvil, må saka takast opp til ny vurdering.

### **Avrøysting:**

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti og Arbeidarpartiet fekk 6 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Venstre fekk 2 røyster og fall.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Opplæringsutvalet i Sogn og Fjordane vil gje slik høyringsuttale til framlegget om å innføre forbod mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet i barnehagar og utdanningsinstitusjonar:

**Vi er samde i at det ikkje er ønskjeleg å ha ein læringssituasjon der nokon bruker ansiktsdekkande plagg.**

**Vi ser ikkje grunn for å innføre eit nasjonalt forbod, men vil la dette spørsmålet framleis vere opp til den enkelte skuleeigar.**

Høyringsnotatet syner at det er svært få (ca. 100 totalt i Norge) som nyttar niqab eller burka. Vi trur at eit nasjonalt forbod heller vil spisse frontane, og kanskje politisere bruken av desse plagg endå meir. Det vil gje motsett verknad av det vi ønskjer å oppnå.

Høyringsnotatet kan heller ikkje vise til kunnskap / forskning som underbygger framlegget om nasjonalt forbod. Det er også verd å merke seg at andre land med større utfordringar enn Norge på innvandring, ikkje har innført nasjonalt lovforbod.

*Utdanningsinstitusjonane er viktige aktørar for ei god integrering til det norske samfunnet. Desse må driftast på ein open og inkluderande måte. Vi ynskjer at brukarane av desse institusjonane i størst mogeleg grad skal framstå synlege og opne. Haldningskapande arbeid og opplysing om det norske samfunnet skal bidra til at ferrast mogeleg ynskjer å nytte ansiktsdekkjande plagg.*

Vi meiner også at eit lovforbod, der bortvising frå skulen er reaksjonsmåten, vil kunne straffe jenter som i enkelte tilfelle kan vere pålagt å bruke plagget mot sin vilje. *For desse jentene vil eit forbod kunne verke ekskluderande, og vere lite gunstig for å få til vidare integrering.*

### **Samtale-plikt**

Vi foreslår å halde fast på dagens regelverk, men vil, slik det går fram av pkt. 8 i høyringsbrevet, kombinere det med plikt til samtale. Dvs. at barnehage / skule / høgskule mfl. Skal gjennomføre samtale med foreldre og/eller eleven / studenten som møter opp til undervising med ansiktsdekkande plagg. Det vert i høyringsnotatet vist til erfaringar med denne type samtalar som blir utført av andre yrkesgrupper, som td. helsesøster.

### **Tilsette**

Vi forutsett at arbeidsgjevar sin styringsrett gjeld og kan sikre at dei som er lærarar, barnehagelærarar eller på anna måte tilsett for å ta seg av born/unge i dei situasjonane som høyringsnotatet omhandlar, kan påleggast å ikkje bruke ansiktsdekkande plagg i arbeidet sitt.

Det er svært viktig å legge til grunn for vidare arbeid og eventuelle framlegg at målet om god integrering vert lagt til grunn for det ein vedtek.

---

## **SAK 20/17      Høyringsnotat vedrørende endringar i den yrkesfaglege tilbodsstrukturen**

### **Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga med følgjande tilleggsendringar:
  - Namnet på Vg1 elektrofag bør endra namn til elektro og dataelektronikk
  - Punkt 1.4.1: Robotteknikk må inn som ein del av faget

### **Endringsframlegg:**

Arbeiderpartiet kom med følgjande framlegg om tilleggspunkt:

### **Elektrofag**

Namnet på Vg1 elektrofag bør endra namn til elektro og dataelektronikk.

1.4.1 Robotteknikk må inn som ein del av faget.

### **Avrøysting:**

Framlegget frå fagopplæringsnemnda og arbeidspartiet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Høyringsfråseigna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga med følgjande tilleggsendringar:
  - Namnet på Vg1 elektrofag bør endra namn til elektro og dataelektronikk
  - Punkt 1.4.1: Robotteknikk må inn som ein del av faget

-----